

## Connor held fram som trenar, Lien ny fotball-leiar

Skrive av administrator

søndag 07. januar 2018 14:22 - Sist oppdatert onsdag 10. januar 2018 09:14

---



Alexander Connor er klar for nok ein sesong som hovedtrenar for A-laget til Vestnes Varfjell - den 13. om me har rekna rett! Han skal også vere sportsleg leiar og ha ansvar for aldersbestemt fotball i eit nytt og forsterka fotballstyre. Frode Lien blir ny leiar av fotballgruppa, med Knut Øyvind Hoem som leiar for senior. Vegard Ellingseter bli økonomiansvarleg, og han er også klar for comeback i marineblått. Midtbanespelaraen har dei siste sesongane spelt for moderklubben Fiksdal/Rekdal og no sist Måndalen. Også andre nye fjes kan bli å sjå i Vestnes idrettspark - meir om dette seinare. Stallen ser elles ut til å vere intakt i høve til fjoråret. Karl Arne Stokkeland studerer i Bergen, men vil vere aktuell i alle fall i feriar. Laget skal trene fire gongar i veka i vinter, måndagar, tirsdagar og torsdagar ute og ein styrkeøkt inne søndagar under leiing av Joe Connor, onkel av Alexander. Treningskampane er ikkje spikra enno, men laget skal i alle fall møte Langevåg (15. mars) og Træff 2. Seriestart er andre helga i april, men før det skal laget også spele 1. kvalifiseringsrunde til NM 21. mars og eventuelt andre runde 4. april. Her kjemp oppsettet i slutten av januar. Les helsing frå den nye fotballeiaren under:

Hei alle i fotballfamilien Vestnes Varfjell. Etter at infoen er kommet på trykk på varfjell.no så tenkte jeg å si noe.

Jeg har med stor spenning og ydmykhet tatt på meg vervet som Leder i Vestnes Varfjell Fotball. Alexander Connor vil ha det sportslige ansvaret og Knut Øyvind Hoem vil være leder for senior.

Jeg skal sammen med mange av dere foreldre prøve å få barna våre til å trives i Vestnes Idrettspark og prøve å videreutvikle det grunnlaget som allerede er i fotball gruppa. Noe er bra, noe kan gjøres bedre og sammen med dere og støttespillerne i Knut Øyvind og Alexander så skal vi prøve å få en flott fotballsesong i 2018.

## Connor held fram som trenar, Lien ny fotball-leiar

Skrive av administrator

søndag 07. januar 2018 14:22 - Sist oppdatert onsdag 10. januar 2018 09:14

---

Mvh Frode Lien

Leder VVIL Fotball